





Utviklingsplan 2023-2025

Lye ungdomsskule



Innhald

Innleiing	3
Overordna mål.....	4
Sektormål for grunnopplæringa	4
Overordna del av læreplanen.....	4
Overordna del av læreplanverket er grunnlaget for skulen sitt samfunnsoppdrag og er tufta på formålsparagrafen i opplæringslova.	4
Kommunale strategiar, planar	4
Utviklingsområde 2022-2023	5
Vurdering av utviklingsområda	5



Utviklingsområde 2023-2024	5
Utviklingsmål og tiltak 2023-2025.....	7

Innleiing

Utviklingsplanen er ein del av vårt system for kvalitetsutvikling. Gjennom året gjennomfører me som skule prosessar i personalet for å følgja opp om elevane våre når måla i læreplanverket. I arbeidet vert det lagt til rette for at elevane skal vera medskapande, og for god involvering av foreldra. Me får gjennom ulike kartleggingar, undersøkingar og utviklingssamtalar med elevane eitt godt kunnskapsgrunnlag som dannar grunnlaget for kva me som skule må jobba med å forsterka, forbetra og utvikla. Dette dannar grunnlaget for kva me som skule vel å ha som utviklingsområde med mål og tiltak som me vil jobba mot.

Utviklingsplanen seier noko om dei overordna målsettingane for skulen. Kva utviklingsområde me hadde førre år, og kort om kva som har kome fram av ulike evalueringar undervegs. Det vil kort verta gjort greie for kva vurderingar som er gjort i prosessar med personalet og elevane for å koma fram til om det er behov for vidareføring av utviklingsområde, eller nye utviklingsområde.

I siste delen er utviklingsområda knytt til læringsmiljø og læringsresultat sett inn i ein tabell med mål, tiltak og korleis desse skal evaluerast.

Overordna mål


Sektormål for grunnopplæringa

Dei nasjonale sektormåla er førande for kva skuleeigar saman med skulane skal jobba for å oppnå:

- Alle har eit godt og inkluderande læringsmiljø
- Barn og unge som har behov for det, får hjelp tidleg slik at alle får utvikla sitt potensial
- Dei tilsette i kunnskapssektoren har høg kompetanse
- Alle lukkast i opplæringa og utdanninga

Overordna del av læreplanen

Overordna del av læreplanverket er grunnlaget for skulen sitt samfunnsoppdrag og er tufta på formålsparagrafen i opplæringslova.




Figur 1: Overordna del – Formålet for opplæringa

Kommunale strategiar, planar

I «Strategiplan for oppvekst 2023-2029» er det fem sentrale satsingsområde som definerer retning mot felles mål. I utviklingsarbeidet vårt dette året har me fokus på satsingsområde “Samhandling for førebygging og tidleg innsats” på vår skule.

Me har hatt god kompetanseheving gjennom arbeidet med “Laget rundt læraren og eleven” samt deltaking i kompetanse hevingsprosjektet “Inkluderande barnehage- og skulemiljø”.

Det er og kome ein ny kommunal plan for arbeid med nærvær og me har tatt i bruk BTI. Begge desse verktøya er nyttige i arbeidet med førebygging og tidleg innsats.



«Laget rundt læreren og eleven» har i denne perioden fortsett fokus på å førebyggje fråvær. I tillegg vil me auka fokuset på tilrettelagt undervisning og elevmedverknad. Laget på Lye ungdomsskule har treffpunkt kvar andre veke og jobbar stort sett på systemnivå. På denne måten tar me i bruk den tverrfaglege kompetansen i laget og bruker kvarandre for å heva den samla kompetansen i organisasjonen. Det gjer me gjennom det daglege arbeide gjennom støtte og samarbeid med kontaktlærer og elevar. I tillegg til systemarbeid i til dømes PU-tid.

Utviklingsområde 2022-2023

Følgjande var utviklingsområde skuleåret 2022-2023:

Læringsmiljø- heva grunnskulepoenga

Læringsresultat- elevmedverknad

I løpet av året er det gjennomført skulebasert vurdering for å sjå på i kva grad mål og tiltak har ført til utvikling på områda. Dette er del av kunnskapsgrunnlaget som me har for å vurdere kva me skal jobba vidare med å utvikla eller kva me nå kan leggja til drift.

Vurdering av utviklingsområda


Analyse av data og prosessar i personalet, med elevane og føresette syner at me er gode på å heva elevane si læring - dette er spesielt synleg på nasjonale prøvar. Me må utvikla oss på at elevane opplever ei høgare grad av medverknad både i forhold til arbeid med fag og trygt og godt skulemiljø. Me fortsett derfor med dei same utviklingsområda i det komande skuleåret.

Utviklingsområde 2023-2024

Følgjande skal vera utviklingsområde i 2023-24:

Læringsmiljø- heva grunnskulepoenga

Læringsresultat- elevmedverknad



Utviklingsmål og tiltak 2023-2025

Grøne kolonnar: Måla skal koma til uttrykk i kva elevane skal oppnå

Kvite kolonnar: Tiltak skal omhandla kva skulen og lærarane skal gjera for at elevane skal nå måla

Mål for læringsmiljø og læringsresultat som er SMART- spesifikke, målbare, oppnåelige, relevante og tidsavgrensa

Utviklingsområde: Auka elevane si medverking både i fag og i trivselsfremmande aktivitetar. Heva grunnskulepoenga til elevane.				
Læringsresultat: Heva grunnskulepoenga.				
Læringsmiljø: Elevmedverknad				
Status: Me ligg under både regionalt og nasjonalt gjennomsnittsnivå for grunnskulepoeng. Elevane melder i elevundersøkinga at dei opplever liten medverknad.				
Undervegsevaluering av tiltak sett opp mot delmål gjennomførast i september 2023, januar 2024 og mai/juni 2024				
Effekt mål (gevinst)	Resultatmål	Delmål	Tiltak	Stoppunkt
Kva vil dette føra til på lengre sikt?	Konkret kva skal ein oppnå/innfri? (SMARTE-mål)	Kva konkrete mål på vegen og kva tid skal desse oppnås og evaluerast? (SMAR	Kva skal lærarane setja i verk/gjera i praksis for å nå måla?	

		TE-mål)		
<p>Læringsresultat for LUS:</p> <p>Elevane hevar seg på Nasjonale prøvar i lesing og rekning frå 8. til 9. Trinn.</p> <p>Heva gjennomsnittleg grunnskulepoeng for elevane opp mot regionalt gjennomsnitt</p>	<p>Nasjonale prøvar:</p> <p>Alle elevar har progresjon på nasjonal prøve i lesing og rekning frå 8.trinn til 9.trinn – minst 4 skalapoeng progresjon i snitt.</p> <p>Grunnskulepoeng:</p>	<p>Alle elevar på alle trinn har progresjon fagleg. Med det meinast det at vurdering med karakter i fag frå eit semester til neste skal være lik eller betre.</p> <p>Eksamensresultat på 10. Trinn skal ligg kring regionalt nivå.</p>	Elevane får trening i lesing og rekning i alle fag.	Utsjekk og evaluering i faggrupper for kvar ny periodeplan.
			Utvikling i karakter/resultat i fag blir, saman med resultat frå nasjonale prøvar, brukt i samtalar med elevane og i utviklingssamtalane.	Elevsamtalar og utviklingssamtalar i november og mars/april
			Rapport etter nasjonale prøvar i lesing og rekning blir saman med andre faglege tilbakemeldingar brukt for å setja mål saman med eleven.	I samband med elevsamtalane og utviklingssamtalane.

	Grunnskolepoeng for elevane på 10.trinn er i snitt minimum 43		Nytta pedagogisk analysemodell på gruppenivå for å vurdere elevane si læring.	Del av etterarbeid i personalet – nasjonale prøvar, oktober/november.
			Trinna saman med PPT kontaktpersonen drøftar kva som kjem fram av analyse av NP og kva tiltak ein skal testa ut.	I oktober/november når all data frå NP ligg klar.
Læringsmiljø for LUS. Elevane trivs på skulen og opplever skulearbeidet som relevant og motiverande.	Ønska resultatmål elevundersøkinga: Minst 4 ift vurdering for læring.	Elevane medverkar i planlegging ved oppstart av nytt tema.	Elevane skal bli involvert og ha moglegheit til å koma med innspel om td vurderingsform, læringsaktivitetar, innhald (film, artiklar etc.) og vurderingskriterier.	Kort evaluering saman med faglærer i forkant og etterkant av nytt tema. Punkt på elevråd.
	Minst 4 på elevdemokrati og medverking. Minst 4.3 på trivsel	Elevane medverkar i vurdering av eige arbeid	Lærarane og elevane har eit system der elevane vurderer eige arbeid og andre sitt arbeid ved blant anna responsgrupper og eigenrefleksjon som	Eige punkt i elevsamtalane og utviklingssamtalane. Utsjekk og vurdering etter kvart tema, saman med faglærer.

	Minst 3.6 på motivasjon		presenterast av elev på utviklingssamtalane.	Lærarane deler erfaringar i fagmøte/ teammøter.
	Resultat olweus-undersøking Ikkje over 2%	Elevane får fram- og tilbakevurdering slik at elevane veit kva dei kan og kva som skal til for å bli betre.	Lærarane gjer konkrete framovermeldingar knyta opp mot kompetansemåla slik at elevane veit kva dei har fått til og kva eleven må øva meir på.	Eige punkt i elevsamtalane og utviklingssamtalane. Lærarane deler erfaringar i fagmøte/ teammøter.
	Ønska resultatmål foreldreundersøkinga: Minst 4: God dialog skule heim.	Elevane opplever at dei er inkludert i faglege og sosiale aktivitetar på skulen.	Læraren (spesielt kontaktlærer) har eit system for å sjekke ut at alle elevane er inkludert i faglege aktivitetar og har nokon å være i lag med /deltar i aktivitetar i friminutta.	Eige punkt på elevsamtalar, elevråd og i klassemiljøtimane ift. Inkludering. Lærarane deler erfaringar på klasseteam møte annakvar veke.

			<p>Bruk av klassetrivsel 2 gonger i året (i forkant av utviklingssamtalane)</p> <p>Trinnet utarbeider tiltak utifrå det som kjem fram på klassetrivsel.</p>	<p>Resultat frå klassetrivsel tas opp på elev- og utviklingssamtalane.</p>
		<p>Føresette opplever at skulen legg godt til rette i skule heim samarbeidet.</p>	<p>Ny kontaktlærer ringer heim eller inviterer til fysisk oppsamtale.</p> <p>Alle føresette får informasjon om foreldremøte og utviklingssamtalar på fleire kanalar (heimeside, visma app og vekeplan)</p>	<p>Eige punkt på FAU møter - evaluering av skule heim samarbeid.</p> <p>Representantane deler erfaringar og gir tilbakemelding til leiinga ved skulen om organisering og innhald på dei faste møtepunkta med skulen.</p> <p>Rom for tilbakemelding og ønskjer om innhald på foreldremøter</p>

